

# Solveig og Sienna gjekk til topps i Bodø



**PREMIE:** Solveig Dræge og Sienna Vangdal får premien for sigeren i klassen for yngre junior. Her i lag med president i Norges bridgeforbund, Åse Langedal. Foto: Os Bridgeklubb

15 medlemmer av Os bridgeklubb var i aksjon under Norway Bridge 24 i Bodø i helga. Solveig og Sienna vann klassen for yngre junior.

## ► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Dei to 13-åringane som har spelt i lag i nær tre år, forsvare dermed posisjonen sin etter at dei vann NM i same årsklasse i fjor.

— Me er stolte av innsatsen deira. Dei møtte god motstand frå totalt 11 andre par. Fleire lag frå andre land var også med i denne klassen, fortel leiar i Os juniorbrigdeklubb, Tarjei Vangdal.

Han er far til Sienna.



**MEISTERSKAP:** Gjengen som starta i skulemeisterskapen. Foto: Privat foto

— Det vart veldig jamt. Jentene spelte 11 rundar á 5 spel, altså 11 timar med bridge. Dei vann med knappe 12 poeng, fortel Vangdal.

Duoen Solveig og Sienna vann NM i fjor. Til hausen skal dei forsvare sigeren når Os bridgeklubb arrangerer NM i Ung Arena 18.-20. oktober.

— Dei har gjort det så bra no at me vurderer å melda dei opp i klassen for eldre juniorar, altså spelarar frå 16-25 år, fortel Vangdal.

## God debut

Vangdal er også strålende nøgd med dei andre 13 borna og ungdomane som var i aksjon for klubben i Bodø.

— For første gong i historia hadde me med oss deltakarar i skulemeisterskapen. Her deltok 140 6. klassingar. Me

stilte med ni utøvarar, fortel Vangdal.

Begge laga frå Os juniorbrigdeklubb hamna midt på resultatlista.

— Dei klarte seg veldig bra, og det er mange lovande spelarar. Det krev både kløkt og tolmod å halda fokus når ein spelar bridge i kring 10 timar, konstaterer Vangdal.

Han er godt nøgd med utviklinga i klubben.

— Me har auka talet på medlemmer i juniorbridgen frå 10 til 35 medlemmer. Mykje av årsaka til dette er skulebridgen som me har hatt på Lunde barneskule det siste året. Dette er ein suksess me vil halda fram med frå hausten. Då vil me også skulera ungdom til å bli bridgeinstruktørar sjølve, fortel leiaren i klubben.

# Stupebrettet i Mobergsvikjo er i ferd med å bli einfota

Os & Fusaposten-lesar fryktar ei bade-ulukke.

## ► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

— Slik har det sett ut i fleire år. Før eller seinare vil det kollapsa. Her bør det gjerast noko før det skjer ei ulukke, tipsar ein lesar.

Fundamentet til stupebrettet støttar seg til to mursøyler. Ei av dei er nesten heilt gnegen bort av bølger, vør og vind.

## — Dette må me sjekka

Tilsynet med badeplassen utanfor Oseana, er det Bergen og Omland Friluftsråd

(BOF) som har. Driftsplanleggjar Lars Torgilstveit hadde ikkje høyrd om problemet med stupebrettet då me ringde han måndag ettermiddag.

— Det er bra me får melding om dette, men det er jo oss dei skal ringja, og ikkje lokalavisa, ler Torgilstveit.

— Det er kanskje ikkje alle som veit at det er BOF som har ansvaret for å ivareta tryggleiken på denne plassen?

— Det kan henda, men me har ansvaret for denne badevika og kring 260 andre i 16 kommunar i området rundt Bergen, fortel Torgilstveit.

Han legg til at talet på stupebrett i dei offentlege badevikene er gått kraftig ned.

— Me hadde nokre ulukker for nokre år sidan, mellom anna ei stygg ei på Sørenga i Oslo, der ein person skadde seg

kraftig etter å ha gått i botn. Etter den hendinga fjerna me ein del stupebrett som me frykta stod slik til at folk kunne gå i botn.


— Kor mange stupebrett har de att no?  
— Me hadde kring 90. No er me nede i om lag 60.

## Vil fiksa det

— Kva vil de gjera med stupebrettet i Mobergsvikjo?

— Det er for tidleg å seia, men me får ta ei synfaring. Om det er reell fare for at fundamentet skal gje etter, må det naturleg nok stengjast.

— Men de vil prioritera å fiksa det?  
— Me må sjå på det, men etter det eg kjenner til, står dette stupebrettet på ein forsvarleg plass, så målet må vera å ivareta det, seier Torgilstveit.



**GNEGE BORT:** Sementen kring søyla er gnegen bort av tidas tann. No er det berre jernstolpen inni som står att. Foto: Privat foto